



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå fellesrådsmøte 20. oktober 2022

- Desse møtte: Torbjørn Støylen (*leiar og repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Ellen Brautaset Vatne (*nestleiar og repr. frå Ikornnes sokneråd*),
Therese Kristin Utgård (*repr. frå Sykkylven sokneråd*),
Odd Jostein Drotninghaug (*vararepr. for kommunal repr.*),
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)
- Forfall: Birgitte J.S. Bonesmo (*kommunal repr.*),
Bergljot Hjortdal (*repr. frå Ikornnes sokneråd*),
Ingmund Eliassen (*vararepr. for Ikornnes sokneråd*),
Svein Runde (*geistleg repr.*)
- Gjest: Bjørnar Midtbust, kommunalsjef oppvekst og kultur

F-sak 18/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 19/22 Protokoll frå fellesrådsmøtet 8. september 2022

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 20/22 Minnelund

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Midtbust, orienterte om status og kronologien i denne saka fram til i dag. Han presenterte også nokon skisser av eit forslag som han også har presentert for kommunestyret. Sykkylven kommune er økonomisk ansvarleg (jf. gravplasslova §3) og har til no løyvd kr. 200.000,- til prosjektering.

Etter ein spørsmåls- og kommentarrunde gjekk Bjørnar Midtbust ut av møtet.

Gravplasslova og forskrift til gravplasslova definerer etablering av minnelund som ei vesentleg endring på ein gravplass. Dermed skal det utarbeidast ein gravplassplan som viser dette. Denne planen skal vedtakast av gravplassmyndigheita, Sykkylven kyrkjelege fellesråd, etter tilslutning frå kommunen, eksempelvis kva gjeld finansiering. Deretter må planen godkjennast av statsforvaltaren, som er regional gravplassmyndigheit (jf. gravplasslova §4).



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Vedtak:

Sykkylven kyrkjeleg fellesråd vedtok å gå vidare i prosjektet med grunnlag i dei framlagte skissene. Også i det vidare er vi avhengige av eit tett samarbeid med kommunen og vonar at kommunalsjef Bjørnar Midtbust fortset sitt arbeid med å utarbeide ein gravplassplan i tett samarbeid med kyrkjevevjen og det fellesrådsoppnemnde gravplassutvalet. Gravplassplanen skal vedtakast av gravplassmyndigheita, Sykkylven kyrkjelege fellesråd, etter tilslutning frå kommunen, eksempelvis kva gjeld finansiering. Deretter må planen godkjennast av statsforvaltaren, som er regional gravplassmyndigheit (jf. gravplasslova §4).

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

Neste møte: 17.11.2022 kl. 15:00.

Sekretær:

Arild Sporsheim

Kyrkjevevje / Dagleg leiar

Sign.:

Leiar

Sign.:

Nestleiar